Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Lauving

Oppskr. av: Anton Strugstad

(adresse): Box. 63. Steinkjer

Fylke: Nord-Tröndelag

Herad: Ogndal

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det er no so å seigja slutt med lauving her i bygda. Frå 1850 til 1900 var det rekna som årviss føring. Etter 1900 er det på få heimar ein lauvar – kun oppover mot fjellet. Det var etter slottonna en lauva. Det som en kjerva var av bjørk og asp og det som en rispa var seljelauv og rogn. Arbeidet kalla dei lauving og sume kalla det å kjerva lauv. Rispe vart skjeldan sagt, men en sa: Å räppå lauv. Rogna kunde en ikkje rispa for då braut en av knoppane. Rognlauvet bøygde en med lett hand ettover fra knoppen og dette kalla en: Å kangle lauv.

Redskapen som bruktes til kjerving var lauvsigd – ein bøygd kniv på treskaft: →



Har ikkje høyrd om at ~~sv~~ hadde noko til å beskytte handa med når dei rispa.

Det hende at en tok lauv av trær som vart hogd ned – serleg asp og bjørk – allest kjerva dei av manneshøg ungskog.

2310

Lauvkjerv vart köyrd saman og
satt på staur i nærleiken av
husa så det var lettvint å berga
inn om det skulde koma regn.
Når det ble tört vart de bore på
lemmen og lagt utover på höistablene.
Rispalauv og kanglalauv var frakta
heim i sekker og straks lagt utover
på golv i laven - passe tjukt. De
förste dagane gjekk en med ei
rive og rörde i det så det ikkje
skulde mugna. Når det vart
turt kunde en skyva det meire
saman. Lauvkjerv rekna en i
tjin og kalla det: „kråvvå"
Lauvdugnad er ukjend her.
Lauvet vart for det meste
~~tatt~~ i skoglandet som
stöytte opp til innmarka. Det
var som oftast eit lauvskogs-
land som vaks innpå her.
Både karar og kvinner kjerva lauv.
Råppå lauv og kangla lauv var
kvinnfolkarbeid.

Det var sau og geit som
fekk lauv. Nyberkua fekk straks
etter kalvinga rispelauv med varmt
vatn og mjöl på.

Rognlauv og seljelauv var her
rekna som riktig godt för.

Alm finnes ikkje her.

Fellesbauving har en ikkje
höyrd om her.

2310 B. Lauv, sopa saman på bakken, var vist
ikkje bruka her.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING